

# Helg og Høgtid

Kyrkjelydsblad for Seljord, Flatdal og Åmotsdal

Nr. 3 – Vinter 2015 – 86. årg.



*God jol*

# Selg og Høgtid

## REDAKSJON:

Kyrkjekontoret  
Telefon: 350 65 470  
Bankgiro: 2711.20.31826  
post@seljordkyrkje.no

## Opningstider:

Tysdag 09.00-13.00  
Onsdag 09.00-13.00  
Torsdag 09.00-13.00  
Elles treffetid etter avtale.

## Kyrkjekontoret:

Sokneprest Dag Harald Undheim  
Mobil: 907 78 921  
dag.harald@seljordkyrkje.no

Ungdomsprest Petter Jakobsen  
Mobil: 909 51 409  
petter@seljordkyrkje.no

Kyrkjevever Jon Svartdal  
Mobil: 917 23 967  
jon@seljordkyrkje.no

Kantor Keith Griggs  
Mobil: 970 09 470  
keith@seljordkyrkje.no

Sekretær/soknediakon  
Svanhild Rui Gustavsen  
Telefon: 35 06 54 70  
Mobil: 915 77 011  
svanhild@seljordkyrkje.no

## Kyrkjetenarar:

Ivar Øygarden  
Mobil: 907 84 971  
Eilev Eiesland Bjørge  
Mobil: 975 45 943

## Seljord sokneråd:

Kristine Nystad  
Mobil: 466 52 462

## Flatdal sokneråd:

Agnes Byberg Skårnes  
Mobil: 909 49 415

## Åmotsdal sokneråd:

Roar Gjessing  
Telefon: 958 67 866

## Heimeside:

[www.seljordkyrkje.no](http://www.seljordkyrkje.no)

## Framsida:

Seljord kyrkje

# Andakt



## Gjenklang i hjarta

Filosofen Friedrich Nietzsche var kjent for talane sine. Det vert fortalt at då han ein gong talte til ei stor folkemengd, fekk han mykje god respons frå publikum og av arrangørane. Men Nietzsche sjølv såg likevel misnøgd ut. Difor spurte dei han:

«Kvifor er du så misnøgd? Høyrer du ikkje korleis dei klappar for deg? Då svarte han: «Eg lytta etter gjenklangen i hjarta, men eg høyrer berre applaus.»

Gjenklangen i hjarta, det er det Jesus også er ute etter. Det er noko heilt anna enn applaus. Gud har aldri vore ute etter applaus, godkjennande nikk eller lovord. Då hadde ikkje juleevangeliet sett slik ut. Då hadde Jesus valt ein annan måte å kome til jorda på. For kva er verdt å applaudere i juleevangeliet? Eit lite barn født i ein stall? Ingen livvaktar, ingen diamanantar. Det var riktig nok eit fantastisk englekor som song, men det var det berre nokre gjetarar som fekk oppleve.

Når Jesus vert født, er dei aller fleste opptekne med andre ting. Det var ikkje plass til Josef og Maria nokon stad. Det var viktigare og meir spanande ting å gjere den natta. Dei møtte stengte dører. Gud har aldri vore ute etter applaus. Gud er ute etter noko mykje viktigare. Han er ute etter gjenklangen i hjarta. Kva er skilnaden på applaus og gjenklang i hjarta? Når vi gjev applaus, står vi på utsida og vurderer. Var dette bra eller ikkje bra? Vi er tilskodarar. Men det vesle barnet i krubba var ikkje ute etter tilskodarar.

Johannes var ein av læresveinane til Jesus. Når han hadde skrive Johannesevangeliet, skriv han slik om Jesus: «Han kom til sitt eige, og hans eigne tok ikkje imot han.» Men endå viktigare var det at: «Men alle som tok imot han, dei gav han rett til å bli Guds born, dei som trur på namnet hans.» Å ta imot Jesus er det same som å tru på han. Jesus

kom for å skape tru. Tru er gjenklagen i hjarta.

Hjartet er sjølv senteret i oss menneske. Det står i Salomos ordtak: «Ta vare på hjartet framfor alt, for livet går ut frå det.» Hjartet har ein sentral plass i våre relasjonar. Når hjartet er kobla ut, vert det vanskeleg. Vi snakkar om «hjartelaust» og «hjarterått». Heldigvis veit vi også korleis det er når hjartet får styre. Då er det godt å leve. Hjartet er viktig i høve til vår neste og til Gud. Det er sjølv pulsslaget i relasjonen.

Brorson er ein av våre aller største diktarar av julesalmar. I salmen «Mitt hjerte

alltid vanker» sett han ord på kva gjenklagen i hjarta er:

*Akk, kom jeg opp vil lukke  
Mitt hjerte og mitt sinn!  
og full av lengsel sukke;  
Kom, Jesus, dog herinn!  
Det er ei fremmed bolig,  
du har den selv jo kjøpt  
Så skal du blive trolig  
her i ditt hjerte svøpt*

*Med ønske om ei velsigna julehøgtid.  
Stein Reinertsen,  
biskop i Agder og Telemark*

## Kyrkjeverja si spalte

No er eg tilbake i stillinga som kyrkjeverje. To år som ordførar i Seljord er forbi, og dermed var permisjonen min over frå 23. oktober. Det er godt å vera tilbake i den jobben eg har hatt sidan 2000, men det er litt å ta att sidan vikaren min Sissel Muan fekk eit barn i sommar, og derfor måtte ut i permisjon frå 1. juni.

Sidan då har eg prøva å halde hjula i gang som kyrkjeverje så godt eg har kunna ved sida av å vera ordførar og regionordførar i Vest Telemark. Eg er likevel ikkje heilt ute av politikken sidan eg er varaordførar i staden for Solveig Sundbø Abrahamsen så lenge ho er på Stortinget. Dette fører til at eg er på eit og anna politisk møte på dagtid, og blir litt sjeldnare enn normalt å treffe på kontoret på dagtid. Eg må derfor jobbe ein del på kyrkjekontoret om kveldane.

På telefon skal det vera greitt å få tak i meg så sant eg ikkje sit i møte eller har dårlege forhold på telefonen.

Ring 917 23 967. Uansett så ringer eg opp att til alle som har ringt og ikkje fått svar. E-post er også ein god måte å koma i dialog med meg på, adressa er: [jon@seljordkyrkje.no](mailto:jon@seljordkyrkje.no).

Det eg har å gjera no framover ved sida av å ta att det forsømte, er blant anna å setta opp budsjettet for Seljord kyrkjelege fellesråd i 2016, og sende ut rekningar med festeavgifter på ein del gravstader. Så er det å bli kjent på mitt eige kontor etter at det blei flytt før eg starta.

Ein kyrkjeverjekollega sa då eg blei ordførar at han synes synd på meg som blei degradert frå kyrkjeverje til ordførar. No er eg tilbake i jobben min, med store smidde nyklar i handa og trivelege folk rundt meg her også.

*Jon Svartdal*

# Organistens spalte



## O jul med din glede...

er tittelen på vår Julekonsert i Seljord kyrkje, søndag 13. desember

kl 18. Ingeborg Fangel Mo er årets sangsolist. Ragnhild Knudsen og Gunn Steinstad kommer med ungdommer fra kulturskulen. Også i år skal Seljord Songlag delta med dirigent Oddbjørn Aase. Sammen med juletanker fra sokneprest Dag Harald, håper vi alle å dele julens glede med et veldig variert program. Inngangen er gratis med kollekt for å dekke utgifter.

Etter matsmaken og litt underholdning kl 17.00 på videregående skule tirsdag 15. desember er det stemningsfull avslutning for *“Det smakar jol”* i Seljord kyrkje kl 19.30. Jeg skal spille litt juleorgelmusikk, vi skal synge advents- og julesalmer og sokneprest Dag Harald vil dele noen betraktninger.

**Seljord folkehøgskule** holder julekonsert i Seljord kyrkje onsdag 16. desember kl 19.00 og **Flatdal barneskule** har før-

julsgudstjeneste i Flatdal kyrkje torsdag 17. desember kl 17.30.

**Ekte jul** er tittelen på julekonserten ved tenoren Emil Solli Tangen i Seljord kyrkje, torsdag 3. desember kl 19.00. Billetter selges ved inngangen.

**Forsangerkor** - Jeg inviterer alle som har sanglyst til øving **1. juledag i Seljord kyrkje kl 11.00**. Gudstjenesten starter kl 12.00 og vi skal synge kjente julesanger i julens høytidsgudstjeneste. Dersom noen har lyst til å delta på flere gudstjenester i 2016, bare ta kontakt med meg og meld interesse.

I 2016 håper jeg at forsangerkoret kan synge under noen gudstjenester og jeg har tenkt å introdusere nytt hallejuvers. Fadervår skal synges igjen. Jeg vil sende mail til alle med detaljenene senere.

Kveldssamlinger vintertids i Seljord kyrkje er en spesiell opplevelse og stemningen er på høyt nivå. **Taraldsmesse** er på fredag 12. februar kl 18.00 og en **fastegudstjeneste** på kveldstid er på onsdag 2. mars kl 19.00.

Keith – 97009470  
[keith@seljordkyrkje.no](mailto:keith@seljordkyrkje.no)

## Advent og jol i våre kyrkjer

|                |          |                                               |                 |
|----------------|----------|-----------------------------------------------|-----------------|
| sundag 29. nov | kl 11.00 | “Lys Vaken” gudsteneste                       | Flatdal kyrkje  |
| tysdag 1. des  |          | Jolevandring                                  |                 |
| torsdag 3. des | kl 19.00 | “Ekte jul” jolekonsert v/Emil S. Tangen m.fl. | Seljord kyrkje  |
| sundag 6. des  | kl 11.00 | Adventsgudsteneste                            | Seljord kyrkje  |
|                | kl 17.00 | Lysmesse                                      | Åmotsdal kyrkje |
| sundag 13. des | kl 11.00 | Adventsgudsteneste                            | Nes bedehus     |
|                | kl 18.00 | “O jul med din glede...” jolekonsert          | Seljord kyrkje  |

# Slekters gang

## Seljord

### *Døpte:*

Kristin Håvardsdotter Moe-Gjerjordet

Johannes Dyrland

Sigve Aafløy Bredeesen

Vilde Telnes Åshammer

Vebjørn Aasan

Heine Råmunddal Sjerne

(døpt i Brunkeberg kyrkje)

Siri Viktoria Nordal

Teo Flatin Lauvstad

Jon Sollid

Marius Fosstveit Hansen

### *Vigde:*

Tone Heimdal og Thomas Veting

### *Døde:*

Karin Moen f. 1938

Marie Kristine Andersen f. 1931

Ingrid Vaa f. 1930

Kari Synnøve Funner f. 1943

## Flatdal

### *Døpte:*

Saave Viveke Solheim Straand

Håvard Mæland

### *Døde:*

Johannes Aase f. 1930

Gunhild Aase f. 1931

Synnøve Marie Rui f. 1937

Ingebjørg H. Aase f. 1926

Eivind Bakkemoen f. 1928

Gunnar Arne Haugan f. 1947

## Nutheim kapell

### *Døpte:*

Selma Aurelia Benjaminsen

Marie Nyang Barstad

Ånond Juvland

Tarjei Rui Nestestog

Thea Rinden Rui

Lars Rui Hanssen

### *Vigde:*

Sissel Brenna og Tor Ole Skogholt

## Åmotsdal

### *Døpte:*

Vilde Valhovd Staveli

Mathias Eidal Rue

Eivind Olavson Valhovd

### *Døde:*

Olav Skori f. 1949

Hege Bakken f. 1933

Kjell Nordbø f. 1948

|                 |          |                                                          |
|-----------------|----------|----------------------------------------------------------|
| tysdag 15. des  | kl 19.30 | Det smakar jol Seljord kyrkje                            |
| onsdag 16. des  | kl 19.00 | Folkehøgskulens jolekonsert Seljord kyrkje               |
| torsdag 17. des | kl 17.30 | Førefjells gudsteneste m/Flatdal skule Flatdal kyrkje    |
| sundag 20. des  | kl 19.00 | Kveldsmesse Nutheim kapell                               |
| torsdag 24. des | kl 15.00 | Joleftansgudsteneste Flatdal kyrkjekl                    |
|                 | kl 15.00 | Joleftansgudsteneste Seljord kyrkje                      |
|                 | kl 16.00 | Joleftansgudsteneste Seljord kyrkje                      |
| fredag 25. des  | kl 12.00 | Høgtidsgudsteneste Seljord kyrkje                        |
| sundag 27. des  | kl 17.00 | Joletrefest Svartdal bedehus                             |
| måndag 28. des  | kl 17.00 | Jolegudsteneste og joletrefest Åmotsdal kyrkje/grendehus |
| torsdag 31. des | kl 16.00 | Nyttårseftansgudsteneste Seljord kyrkje                  |
| sundag 3. jan   | kl 17.00 | Gudsteneste og joletrefest Manndal kapell                |



Eit tilbod til familiar med barn i barnehage- og skulealder.  
Felles måltid med mat til barn og foreldre, samling for barna med aktivitetar, leik, forteljing og song.

## VÅREN 2016:

Tysdag 19. januar

Tysdag 16. februar

Tysdag 15. mars

Tysdag 12. april

Tysdag 10. mai

kl. 16.30-18.00  
på Misjonshuset i Seljord  
(like ved Ungdomsskulen)



# Innsetting av Dag Harald Undheim



Sundag 6. september var ein strålende blank haustdag, og til innsettingsgudstenesta i Flatdal var det kome tilhøyrarar frå heile kommunen.

Gudstenesta starta med prosesjon. Prost Asgeir Sele, ungdomsprest Petter Jakobsen og soknediakon Svanhild Rui Gustavsen deltok. Tilsettingsbrevet frå biskop Stein Reinertsen blei lese opp av soknerådsleiaren. Dag Harald heldt sjølv preika,

og tala ut frå teksten om då Jesus vitjar Marta og Maria. Den nye soknepresten meinte det var på tide å gje Marta honnør for innsatsen. «Utan Marta-ane», blir ingenting gjort!» Ein god bodskap å ta til seg for kyrkjjas trufaste medarbeidarar.

Musikken var ekstra staseleg denne sundagen, med Keith Griggs ved orgelet og Gunn Steinstad på trompet.

Sidan inviterte Flatdal sokneråd til velkomstfest på samfunnshuset. Ordførar og kyrkjeverje, Jon Svartdal, leia programmet. Det var blomster og helsingar frå dei ulike sokneråda og Sion, musikkinnslag, diktopplesing, servering, alvor og skjemt. Ein dag som lova godt for tenesta til den nye soknepresten.

Som Einar Gotehus sa: -Ein gjer seg opp ei meining om nokon i løpet av dei fyrste minutta ein møtest, og når eg såg fotoet av den nye soknepresten i VTB, sa eg: «Dette blir ein knall-prest for Seljord»

*Anders Kvåle Rue*

## «Ekte jul»



Emil Solli-Tangen er utdannet operasanger (Tenor) fra Barratt-Due og Norges Opera Høgskole, og har gjort seg bemerket på scener både inn og utland. I desember 2015 reiser han på sin aller første juleturne «Ekte jul». Med seg på laget har han musikeren Knut Olav Sandvik og Jan Birger Akerhaugen, kjent fra Telemarksbandet Ni Liv.

«Ekte jul» dreier seg ikke om en stor musikkproduksjon, men med en energisk operastemme, akustisk gitar og kontrabass vil trioene gi deg en julestemning bestående av mange kjente og noen ukjente musikalske smakebiter. **Torsdag 3. desember kl. 19.00 spiller de i Seljord kirke.**

Billetter: 200,-  
Barn under 12 år gratis

## **Seljord sokneråd 2015 - 2019**

### **Faste medlemmer:**

Ingeborg Nenseter Jensen – Auver Brokka  
– Reidun Øverland – Mona Helen Haugan  
– Beate Nilsen Østensen – Kristine Nystad

### **Varamedlemmer:**

Karin Firingen Skori – Hege Brauti Odberg – Lars Geving – Reidun Høgetveit

Kristine Nystad er valt til ny leiar av soknerådet.

## **Flatdal sokneråd 2015-2019**

### **Faste medlemmer:**

Sigbrit Grinaker Valhovd – Tor Arne Gustavsen – Agnes Byberg Skårnes – Heidi Eilefsen – Dag Aanderaa – Nancy Marie Mangerud

### **Varamedlemmer:**

Tordis Marie Hegni – Reidun Tove Silset – Aase Sundbø – Astrid Espelid

I første soknerådsmøte som ble holdt 27. oktober 2015, ble Agnes Byberg Skårnes valgt til leiar, Dag Aadneraa ble nestleiar og Reidun Tove Silset ble valgt til sekretær.

## **Åmotsdal sokneråd 2015-2019**

### **Faste medlemmer:**

Hege Audny Dyrland – Eldbjørg Haugan – Ingebjørg Nordbø – Bjørg Nordbø – Roar Gjessing – Gunn Berit Eikland Listaul

### **Varamedlemmer:**

Halvor Angre – Kjetil Haugan – Magne Eidal

### **Det nye soknerådet har konstituert seg slik:**

Roar Gjessing (leder) – Gubb Berit Eikland Listaul (nestleder) – Bjørg Nordbø (skrivar) – Hege Audny Dyrland (kasserar)

## **Gullkonfirmentar i Åmotsdal, Flatdal og Seljord**

Denne hausten har det vore samling av gullkonfirmentar i heile prestegjeldet. Åmotsdal hadde si samling 20. september, medan Flatdal og Seljord hadde sine samlingar 4. og 11. oktober.

I ettertid kan vi seie at samlingane var veldig fine. Etter messa i kyrkja, var det fest på Åmotsdal Samfunnshus, Nutheim og Seljord Misjonshus. Her vart det servert middag og kaffe. Sokneråda hadde ansvaret for festsamværa.

Neste gong det blir slike samlingar, blir i 2017 – då for dei som vart konfirmerte i 1967 og 1968. Kyrkjekontoret vil sende ut påminning i god tid på førehand.

### **Bilde t.v. nede s. 9:**

#### ***Gullkonfirmentar i Seljord, 1965-kullet:***

*Tor Idar Lund, Harald Brekka, Odd Vidar Rui, Helene Tresland Dahl, Anne (Gravalid) Hellestad, Sigrun (Telnes) Dahl, Arnhild (Dybdahl) Aaneke, Gunvor Annie Kloster Aase, Karin Firingen Skori, Solrunn (Aase) Brenchley, Alfhild (Rue) Manheim, Inger Johanne Uldal Kåsa, Inger Synnøve (Tresland) Vala, Berit (Loftsgarden) Hjelberg og sokneprest Dag Harald Undheim.*

### **Bilde t.h. nede s. 9:**

#### ***Gullkonfirmentar i Seljord, 1966-kullet:***

*Arvid Øverland, Knut Nærdal, Gerd Astrid (Haugan) Langkås Wenche (Haugan) Anfinsen, Elise Bjørg Sundahl Engesæter og sokneprest Dag Harald Undheim.*

## Gullkonfirmantar Flatdal



*Over: Gullkonfirmantar i Flatdal, kull 1965 og 1966: Berit Hage Funner, Karen Berit Haugan, Gudmund Moland, Olav Haugsvold, Åge Ingvard Moen, Kjell Arne Dyrland, Trygve Magnus Barstad, Jorunn Grøstad og sokneprest Dag Harald Undheim.*

## Gullkonfirmantar Åmotsdal

*Under: Gullkonfirmantar i Åmotsdal, kull 1965: Kåre Kleiv, Berit Signe (Svinjom) Jenssen, Torkjell Dyrland, Bjørg (Hardang) Nordbø, Kjell Håvard Sudgarden og sokneprest Dag Harald Undheim.*



## Gullkonfirmantar Seljord 1965 og 1966



## Ny sokneprest i Seljord, Flatdal og Åmotsdal



Som allereie kjent, har Seljord, Flatdal og Åmotsdal fått ny sokneprest. Den nye presten heiter Dag Harald Undheim, og han tiltrådte stillinga 1. september 2015. Samstundes flytta han inn i Seljord prestegard. Den nye soknepresten er 60 år gammal, og kjem opphavleg frå Jæren. Han har tidligare arbeidd innanfor skuleverket – nå sist som rektor i Sandnes kommune på Jæren.

På spørsmål frå Helg og Høgtid om kvi- for Dag Harald no valte å skifte beite reint arbeidsmessig, svarer han: «Etter 30 år som skuleleiar, fann eg no tida mogen for eit skifte. Medan andre tviheld på jobbane sine i min alder, fekk eg høve til å skifte. Dette høvet ville eg nytte meg av – difor vart det teneste som sokneprest i Seljord.»

Kva tankar gjer du deg om kyrkja i dag? «Eg meiner me treng kyrkja meir enn noko anna i vår tid. Når verda er så uro-

leg som no, treng me eit fast og trygt haldepunkt. Kyrkja kan vere med på å gje oss dette. Når me er trygge på kva me stend for som kristent folk og kristen nasjon, vert me trygge i møte med det frammande.»

Har du gjort deg nokre tankar no etter tre månader i prestestillinga? «Eg kjenner meg veldig takksam for å få vere i denne stillinga. Her har eg møtt mykje lys og varme mellom folket eg er sett til å vere prest for. Samstundes kjenner eg meg både liten og audmjuk i møte med all den andeleg tyngda eg møter i prestegjeldet. Kyrkjebygget i Seljord gjer meg spesielt audmjuk, og det same må eg seie når det gjeld å få bu i Seljord prestegard. Her er store sko å fylle i denne stillinga.»

Kva vil du leggje vekt på i møtet med kyrkjelydane her i prestegjeldet? «Eg vil leggje vekt på å møte den einskilde med respekt og openheit. Presten møter menneske i tilknytning til dei store høgdepunkta i livet – dåp, konfirmasjon, vigsel og gravferd. I desse samanhengane er det viktig at den einskilde kjenner seg møtt med respekt og vyrdnad.»

Sjølvs om den nye soknepresten ikkje har vore i fast presteneste tidlegare, har han mykje røynsle som vikar i ulike samanhengar. Ved fleire anledningar har han hatt permisjon frå rektorstillinga si for å gjere vikarteneste som prest – blant anna i Kautokeino i Finnmark.

*Helg og Høgtid ønskjer Dag Harald Undheim velkommen til prestegjeldet, og lukke til med tenesta.*



## Til kirken samle

Det går mot jol. Ute er det mørkt og kaldt – vinteren har teke plass hjå oss. Adventslysa har kome på plass. Sakte men sikkert vert bygdene våre pynta til jolehøgtid. Landstad skriv i sin kjente julesalme Fra fjord og fjære:

*Til kirken samle  
Seg fra hver gård og grend  
De unge, gamle,  
Av kvinner og av menn!*

Her treff salmediktaren verkeleg ei viktig side av jola. For kva handlar jol om? Jo jol handlar også om at menneska samlar seg til kyrkjegang. Dei unge og dei gamle, frå gard og frå grend – dei benker seg saman i kyrkja, for å syngje si takk til han som blei fødd jolenatta:

*Ha takk, som treder  
Til armods hytter ned!  
Ha takk, som gleder  
Oss med din søte fred!*

Så ønskjer vi kvarandre velkomne til denne delen av advents- og jolefeiringa i prestegjeldet. Velkommen til gudsteneste og ulike samlingar i både Seljord og Flatdal og Åmotsdal, på Nes så vel som på Nutheim og i Manndal. Og vi bed med salmistens ord:

*Kom inn, o Kriste,  
tenn lys i hvermanns gård!  
La isen briste,  
Gi varme snart og vår.*

*God advents- og joletid!  
Dag Harald Undheim*

## Diakonens hjørne



Sundag 31. mai  
samla det seg ein  
god del menneske  
ved kyrkja i Hjart-  
dal. Dei ville på  
pilegrimsvandring  
til Svartdal kapell.

Etter dagar med regn, ja, faktisk også

eit lite snøfar i  
dei øvre bygder,  
kom sundagen  
med strålende fint  
vårver! Perfekt til  
vandring. Etter ei  
samling i Hjart-  
dal kyrkje, kunne  
vandringa byrje.

Olav Tho var med  
ein del av turen,  
og gav pilegrima-  
ne eit innblikk i  
lokalhistorie. Stig  
Kjenstad, diakon  
i Hjartdal, had-  
de lagt opp til eit  
fint program for  
vandringa, små  
pauser med tekstlesing og dikt. God mat-  
pause hadde me også.

Da vi kom fram til Svartdal, kalla klokke-  
ne i tårnet oss inn til gudsteneste i kapellet.  
\*\*\*\*\*

Eit dikt av Svein Ellingsen tek vi med oss  
inn adventstida:

*Mens frost og vintermørke rår,  
begynner kirkens nye år  
og våre sinn skal være vendt  
mot lyset som på jord er tent.*



*I mørket ved vår side står  
han som steg ned i våre kår.  
Hvert adventslys skal minne om  
at Jesus, lysets Herre, kom.*

*Han kommer stadig til oss inn  
og lar oss se Guds milde sinn.  
Vårt ønske ved den tente krans  
er at vårt liv må være hans.*

*Når verden og dens tid forgår,  
gryr evighetens kirkeår.  
O Herre, la oss finne vei  
til lys og evig liv hos deg.*

\*\*\*\*\*

Om du ynskjer ein prat med diakonen, er  
du velkommen til å ta kontakt.

Tlf 915 77 011/ 350 65 470

Eg vandrar gjerne nokre steg saman med  
deg, både i sorga og gledas landskap.

*Med ynskje om gode dagar i advent, og  
ei velsigna jolehøgtid.  
Svanhild, soknediakon*

**Hjarteleg takk for minnegåver  
som vart gjeve ved gravferdene til**

**Karin Moen**

**Gunnhild Aase**

**Synnøve Marie Rui**

**Ingebjørg H.Aase**

*Helsing*

*Nesbukti pleie – og omsorgssenter*

**Hjarteleg takk  
for minnegåva på kr. 10620,-  
som vart gjeve til Svartdal Bedehus  
ved gravferda til  
Eivind Bakkemoen.**

# **KONFIRMASJONSLEIR 2015**

”ÅH-ÅH-ÅH-ÅH-ÅH-ÅH.”

Melodien frå ein gammal pizzareklame brer seg ut i den store salen gjennom det store anlegget. Men, når teksten kjem opp på stor-skjermen syng vi ikkje om Grandiosa: ”Vi møtte opp om morra’n og lasta bussen tungt, og så var vi på vei mot sommern’s høydepunkt...” Det er konfirmantleir, og vi er samla for å vere saman ei veke, som vi håpar skal vere eit av sommaren’s høgdepunkt for alle dei som er med.

Det er lenge sidan sommaren no, og lenge sidan vi kom heim frå leir. Vi er langt uti konfirmantåret og vi held på med konfirmant-samlingane våre i Seljord. Vi vil likevel sjå litt tilbake på sommaren’s leir for å mimre litt, og slik at dei av Helg og høgtid sine lesarar som ikkje var med kan få eit lite innblikk i noko av det vi var med på siste veka i juni.

Måndag 22. juni rulla fire store bussar inn på parkeringa til Gjennestad vidaregåande skule i Stokke i Vestfold. Over 200 konfirmantar og ungdomsleiarar, og nokre vaksne leiarar, skulle vere saman ei veke på leir. Det er fjerde gongen konfirmantane i Seljord er med på felles konfirmasjonsleir med konfirmantar frå andre kyrkjelydar i Øvre Telemark, og vi var saman med konfirmantar frå Hjartdal, Notodden, Sauherad, Kviteseid og Tokke.

Underholdning, undervisning, sporleik, song, KonfChallenge, KonfKamp, gruppesamling, mat, vandringsgudsteneste, BrainCooler, hagesenteret, kort, puggekonkurransen, instamoments, bading, volleyball, is, vener, skumringsstund, nord, sør, paviljongen, lederrommet, namnskilt, Lord I lift, er nokon stikkord frå leiren. Nokon av dei forklarar seg sjølv, andre av dei hadde utanforståande kanskje trengt ei

eigen leirordbok for å skjønna. Og slik skal det vere, konfirmantleir er ei eigen ”boble” der ein må vere der for å skjønna fullt ut kva det handlar om.

Kort summa kan vi seie at det handlar om ungdommar som kjem saman ei veke med eit tettpakka og variert program med mykje aktivitetar og moro, store samlingar og mindre gruppesamlingar, måltider, fritid, osv., der Gud er i sentrum, og dei får høyre om, og oppleve, kristen tru i praksis. Det er det moro å vere med på!

Vi har òg ein god gjeng med ungdomsleiarar med i konfirmantarbeidet no, nokon har vore med tre år, nokon to og nokon er med på sitt første år og deltek på Leiarkurs. Ungdomsleiarane gjer ein kjempejobb på konf.leiren, og er dei viktigaste ressursane vi har i dette arbeidet. Ungdomsleiarane er med på eigne turar og samlingar gjennom året, der vi er saman og har det moro, og blir utrusta til å vere leiarar i eit kristent ungdomsarbeid.

*Petter ungdomsprest*

## **GLIMT FRÅ LEIREN:**



# SKJÆRGÅRDS MUSIC & MISSION FESTIVAL

Fyrste veka i juli, veka etter konfirmantleiren, var det klart for festival. For andre året på rad dro ein gjeng frå Seljord til Skjærgårds Music & Mission festival, som er ein kristen ungdomsfestival på Risøya utanfor Tvedestrand. Dette er eit tilbod ungdommar i Seljord får frå sommaren etter konfirmasjon. Nokon hadde allereie vore på konf.leir som leiarar og tok ei veke til og nokon var berre med på Skjærgårds. Nytt av året for Seljord sin del var at vi var fleire dagar på festivalen, no var vi med heile veka frå tysdag til søndag. Det var òg fleire påmelde frå Seljord i år, så minibussen var full då vi reiste nedover. På Skjærgårds bur alle i telt, og campen vår låg veldig sentralt plassert rett ved hovudscena. Det blei ei veke med mellom anna: ein god del sol, ganske mykje is (Skjærgårdsdrøm!), nachos, kortspel, LiveQuiz, konsertar, bibeltimar og seine kveldar.



## JOBS BOK på Granvin

2. desember kl. 19.00. Høytlesning fra Det Gamle Testamentet. Denne skal vera i kinosalen med bare 30 publikummarar... og kun 30. ikkje 31 ein gong.

Jobs Bok omhandler den rike og rett-skafne Job som blir offer for en kamp mellom Gud og Djevelen. Djevelen utfordrer Gud, og sier at grunnen til at Job tror så sterkt er at han har det så bra. Gud tillater at Djevelen setter Jobs tro på prøve. Job blir påført all verdens lidelse, der han mister barna sine, hus og hjem, dyr og eiendom. Blir Job stående i troen?

Jobs Bok behandler det ondes problem: Hvis Gud er herre over alt, hvorfor er da verden så urettferdig?

I Teater Ibsens versjon inviteres publikum rundt et langbord, der hver tilskuer får utlevert sin egen Bibel. To skuespillere leser teksten høyt. Målet er å få publikum til å reflektere over sin egen tro og tvil, samt å undersøke hvordan det er mulig å tro på Gud i år 2015.

Medvirkende; Kasper Skovli Botn og Mari Dahl Sæther. Anbefalt for alle fra videregående skole og opp. Velkommen til en annerledes teateropplevelse!

---

## BABYSANG



Velkommen til babysang på Misjonshuset i Seljord (like ved ungdomsskolen). Her får du og barnet ditt anledning til å slappe av og kose dykk saman. Me vil synge, le, prate og ete. (Mat blir servert)

**Dagen er: onsdag Tid: 11.30**

**Datoane er :**

**6. januar og 20. januar**

**3. februar og 17. februar**

**2. mars, 16. mars og 30. mars**

**13. april**

**VELKOMMEN!**

Helsing frå Kyrkja i Seljord v/Svanhild, soknediakon.

**Viss du lurar på noko, ring:**

Tlf. kontor: 350 65 470

Mobil: 915 77 011



**SWECO** 

Vekanvegen 10  
3835 Seljord  
Telefon 35 06 44 44

HVORDAN HAR DU DET  
*egentlig?*



**Kirkens SOS 815 33 300**

ET MENNESKE Å SNAKKE MED NÅR LIVET ER SOM VÆRST

**T Nordgarden  
Bygg**

Åmotsdalsvegen 1615, 3844 Åmotsdal  
Telefon: 95 87 34 62 – nordgarden.bygg@hotmail.com

**ATELIER  
ÅASE**

3840 SELJORD  
Telefon 350 50 809

SAUM  
VEV  
TREARBEID  
STOFF  
GARN

Alt i møblar  
**BoSenteret as**

35 06 53 33

Møbel- og teppeforretning  
Postboks 44 - 3835 Seljord

*Smarte klær hele året fra*  
**EVELYNS MAGASIN A/S**

Seljord - Telefon 350 50 955

**MIN SALONG**

*Damefrisør*

Seljord - Telefon 350 50 296

**T. TVEITAN A/S**

Brøløsvegen - 3840 Seljord  
Telefon 35 05 04 86 - Telefaks 35 05 04 90

Aut. Installatør  
**Dyrud Elektro AS**

3840 Seljord Tlf. 35 05 80 80  
www.dyrud.no post@dyrud.no

*Når du trenger elektriker*





## Granvin kulturhus Ba

### Minnesamvær

På Granvin kulturhus kan ein ha små og store minnesamvær, ta kontakt med oss.

Nyveg 16 - 3840 Seljord – Telefon 35 06 59 90 – Telefaks 35 06 59 99  
epost: [post@granvinkulturhus.no](mailto:post@granvinkulturhus.no) – [www.granvin.kulturhus.no](http://www.granvin.kulturhus.no)



Telefon 91 76 76 72

**Ivar Johansen  
Seljord**

## Gravminner

Navnetilføyer  
Omslip og oppussing



**STEINRIKET**  
NORDICSTONE AS

(Tidligere Tjølling Steinhoggeri)

Løveskogen 4 - 3280 Tjodalving - Telefon 33 15 64 64 - [www.steinriket.no](http://www.steinriket.no)

## BYGGMESTER T.A. GUSTAVSEN AS



**TLF. 975 17 817**



**[byggmester@live.no](mailto:byggmester@live.no)**



## Flatdal Handlaft as Telemark

3841 Flatdal  
Telefon 350 57 005 - Mobil 971 53 661  
[www.flatdalhandlaft.no](http://www.flatdalhandlaft.no)





## TINNITUS (ØRESUS) og MÉNIÈRE?

Ring telefon **815 68 880** (normaltakst) mandag–onsdag  
klokka 19.00–21.30, for mer informasjon om tinnitus og Ménière.  
Hørselshemmedes Landsforbund – [www.hlf.no](http://www.hlf.no)



## BYGGMAKKER Seljord Elektriske

Postboks 123 - 3835 Seljord - Telefon 350 65 000



*seljord*  
Sparebanken DIN

Lokalbanken i Vest-Telemark  
Tlf: 35 06 57 00  
[www.sparebankendin.no](http://www.sparebankendin.no)  
[firmapost@sparebankendin.no](mailto:firmapost@sparebankendin.no)



*Statoil Service Seljord*

Forhandler Kjell Birger Teigen  
3840 Seljord  
Telefon: 35 05 04 88  
Telefon privat: 35 05 05 64  
Bankgiro: 2711.05.00179



*Funnemark SELJORD A/S*

*Ny eller brukt bil i alle prisklasser*  
Telefon 350 65 800 - 3840 SELJORD



**Morgedal  
Rør as**

[post@morgedalror.no](mailto:post@morgedalror.no) - 35 06 44 55 - Postboks 114, 3835 SELJORD

## Aasmundsens Bakeri A.s

FLATDAL - TELEFON 350 65 300

*Alt i bakevarer*

## Seljord Indremisjon

Møteveke på Misjonshuset 6.-10. januar 2016. Det blir møte på Misjonshuset kvar kveld kl. 19.00, med unntak av laurdag, då det blir føremiddagsmøte kl. 10.30. Talar på møta blir Nils Kåre Strøm frå Norsk Luhersk Misjonssamband.

*Alle er velkomne!*



Nutheim  
Gjestgiveri

Vi ønsker velkommen  
Telefon 35 05 21 43

### ALT I INNRAMMING

Du finn oss i Seljord sentrum  
Ring gjerne for avtale  
eller stikk innom



3840 Seljord  
Telefon 350 50 210

## FØREMIDDAGSTREFF Vår 2016

### FLATDAL

**Dag: Onsdag Tid: kl. 11.00**

|                 |             |
|-----------------|-------------|
| Sion            | 13. januar  |
| Flatdal Bedehus | 10. februar |
| Sion            | 9. mars     |
| Flatdal Bedehus | 6. april    |
| Sion            | 11. mai     |

### Treng du skyss?

Ring Knut Liestøl 35 05 00 81

*Med helsing Pinsemenigheten Sion,  
Flatdal Misjonslag/ Flatdal sokneråd*

### SELJORD MISJONSHUS

**Dag: Fredag Tid: kl. 11.00**

29. januar  
26. februar  
29. april

*Med helsing Seljord sokneråd*

### STEINMOEN I ÅMOTSDAL

**Dag: Fredag Tid: kl. 11.00**

11. mars  
17. juni

*Med helsing Pinsemenigheten Betel,  
Steinmoen Bu – og servicesenter og  
Åmotsdal sokneråd*

### SION I LANGLIM

**Dag: Måndag Tid: kl. 11.00**

29. februar  
30. mai

*Med helsing Pinsemenigheten Betel,  
Åmotsdal og Åmotsdal sokneråd*



Seljord kyrkje



Flatdal kyrkje



Åmotsdal kyrkje



Mannndal kapell

## GUDSTENESTER

**Domssøndag/Kristi kongedag – 22. november**

**Seljord kyrkje kl. 11.00**

Dag Harald Undheim. Dåp.

Offer: Helg og Høgtid

**1. s. i adventstida – 29. november**  
**Flatdal kyrkje kl. 11.00**

Petter Jakobsen. Lys Vaken gudsteneste. Utdeling av adventskalender til fyrsteklassingar, Anton på eventyr i kyrkja til 5-åringar og Aktivitetsbibelen til 11-åringar

**2. s. i adventstida – 6. desember**  
**Seljord kyrkje kl. 11.00**

Dag Harald Undheim.

Utdeling av adventskalender til 6-åringane, og Anton på eventyr i kyrkja til 5-åringane

Offer: Tysdagsklubben

**Åmotsdal kyrkje kl. 17.00**

Dag Harald Undheim. Lysmesse.

Utdeling av Adventskalender til 6-åringane og Anton på eventyr i kyrkja til 5-åringane.

Offer: Barne- og ungdomsarbeid.

**3. s. i adventstida – 13. desember**  
**Nes Bedehus kl. 11.00**

Dag Harald Undheim.

Offer: Nes Bedehus

**Torsdag 17. desember**

**Flatdal kyrkje kl. 17.30**

Føregjøgudsteneste

med Flatdal skule.

**4. s. i advent – 20. desember**

**Nutheim kapell kl. 19.00**

Dag Harald Undheim. Dåp.

Offer: Ungdomsarbeidet

**Joleftan – 24. desember**

**Seljord kyrkje kl. 15.00**

Dag Harald Undheim.

Offer: Barne- og ungdomsarbeidet

**Seljord kyrkje kl. 16.00**

Dag Harald Undheim.

Offer: Redd Barna

**Flatdal kyrkje kl. 15.00**

Petter Jakobsen.

Offer: NMS

**Joledag – 25. desember**

**Seljord kyrkje kl. 12.00**

Dag Harald Undheim

Offer: Kirkens Nødhjelp

**4. joledag – 28. desember**

**Åmotsdal kyrkje kl. 17.00**

Dag Harald Undheim.

Offer: Betel /Soknerådet

Joletrefest på Grendehuset etter messa

**Nyttårseftan – 31. desember**

**Seljord kyrkje kl. 16.00**

Dag Harald Undheim.

Offer: Barne- og ungdomsarbeidet

**Kristi Openberringsdag –**

**3. januar**

**Mannndal kapell kl. 17.00**

Dag Harald Undheim. Joletrefest etter messa.

**2. s. i Openberringstida –**

**10. januar**

**Seljord kyrkje kl. 11.00**

Offer: NMS

**3. s. i openberringstida –**

**17. januar**

**Flatdal kyrkje kl. 11.00**

Dag Harald Undheim.

Offer: Diakoniarb. i kyrkjelyden

**Såmannssøndag – 24. januar**

**Seljord kyrkje kl. 11.00**

Offer: Diakoniarb. i kyrkjelyden

**Kristi forklaringsdag –**

**31. januar**

**Åmotsdal kyrkje kl. 11.00**

Sprell Levande gudsteneste.

Offer: Diakoniarb. i kyrkjelyden

**Fastelavnssøndag – 7. februar**

**Seljord kyrkje kl. 11.00**

Sprell Levande gudsteneste.

Offer: Barne og ungdomsarbeidet

**Fredag 12. februar**

**Seljord kyrkje kl. 18.00**

Taraldsmesse

**1. s. i fastetida – 14. februar**

**Flatdal kyrkje kl. 11.00**

Solidaritetsgudsteneste.

Petter Jakobsen og konfirmantane

Offer: Redd Barna

**2. s. i fastetida – 21. februar**

**Seljord kyrkje kl. 11.00**

Dag Harald Undheim.

Offer: Sjømannsmisjonen.

**3. s. i fastetida – 28. februar**

Inga gudsteneste i prestegjeldet.

*Atterhald om endringar*